

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 19.11.2014

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: **Miljøleing i spesialisthelsetenesta. Statusrapport 2011 - 2014 frå det nasjonale miljø- og klimaprojektet**

ARKIVSAK: 2013/273/

STYRESAK: 137/14

STYREMØTE: 08.12. 2014

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek utgreiinga om arbeidet i samarbeidsprosjektet til orientering og sluttar seg til tilrådingane som er gitt i statusrapporten for det vidare arbeidet med miljø- og klimautfordringane i sektoren.

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) formidla gjennom føretaksprotokollane til RHFa for 2008 det første styringspålegget om å ta eit samordna grep om miljø- og klimapolitikken i sektoren. Helse Vest RHF blei bedt om å leia eit nasjonalt arbeid for å kartleggja etablerte miljøtiltak i sektoren med overføringsverdi og å utgreia moglege nye klimatiltak innanfor spesialisthelsetenesta. Allereie same året vart det avlevert ein kartleggingsrapport til HOD som omtala kva miljø- og klimatiltak som var igangsette i helseføretaka. Bortsett frå at 3 helseføretak var miljøsertifiserte etter ISO 14001-standarden for delar av verksemda, var det generelt lite som dengong var iverksett av miljø- og klimatiltak i sektoren.

I føretaksprotokollane for 2009 vart miljøbodskapen vidareført med pålegg om å organisera arbeidet som eit samarbeidsprosjekt mellom RHFa og mellom anna vurderer om helseføretaka bør miljøsertifiserast. Det vart organisert eit samarbeidsprosjekt mellom RHFa leia av Helse Vest RHF og med RHF/AD-møtet som styringsgruppe. I 2010 avleverte samarbeidsprosjektet rapport til HOD med tilråding om at alle HFa og RHFa blir miljøsertifiserte etter den internasjonale miljøstandarden ISO14001.

I styringspålegget frå HOD for 2011 vart dei 4 RHFa mellom anna bedne om å sørge for at alle helseføretaka etablerte miljøleiing og miljøstyringssystem etter ISO-14001 standarden og at styringssystema var sertifiserte innan utgangen av 2014. Å innfri dette kravet har sidan vore ei hovedmålsetting for det nasjonale miljø- og klimaprojektet og har sjølvstøtt prega aktivitetane både i helseføretaka og i det nasjonale miljø- og klimaprojektet (samarbeidsprosjektet).

Vedlagde statusrapport omhandlar arbeidet som er utført i regi av det nasjonale samarbeidsprosjektet for miljø- og klimasaker i spesialisthelsetenesta i perioden 2011 – 2014 og korleis dette arbeidet knytter seg opp mot dei nasjonale miljø- og klimamåla.

Fakta

Vedlagde statusrapport omhandlar i hovudsak 3 forhold:

- Arbeidet og prosessane som er gjennomført i kvart av HFa og RHFa med å etablere miljøleiing og miljøstyringssystem og sørge for sertifisering av styringssystema.
- Arbeidet som er gjennomført i regi av det nasjonale samarbeidsprosjektet for å understøtta og samordna miljøsetinga for å nå dei felles målsettingane som er sette for sektoren – ref. del 1, pkt. 3 i rapporten.
- Innspel og tilrådingar for den vidare oppfølginga av miljø- og klimautfordringane i sektoren etter 2014, ref. del 2 i rapporten.

Ved utforminga av den vedlagte statusrapporten er det hensyntatt at rapporten er meint for ei relativt brei målgruppe. Dette har samband med at miljø- og klimautfordringane omfattar heile sektoren og stiller krav til haldning og involvering både hos leiing, tillitsvalde og medarbeidarar på alle nivå.

Organisering av miljøarbeidet

Samarbeidsprosjektet er organisert med AD-ane i dei 4 RHFa som styringsgruppe og ei nasjonal prosjektgruppe med representantar frå kvart av RHFa og nokre av HFa, samt konsernhovedverneombud og felles tillitsvald. Prosjektgruppa har vore leia av Helse Vest RHF v/eigardirektør.

Det har i heile prosjektperioden vore knytta eit sekretariat opp mot prosjektgruppa bestående av 2 personar med miljøkompetanse. I 2009 vart det etablert eit nasjonalt Miljø- og klimaforum i samsvar med styringspålegg

frå HOD. Forumet består av representantar frå alle helseføretaka, den nasjonale prosjektgruppa og sekretariatet. Sidan 2011 har det i tillegg vore etablert regionale miljøfaggrupper i dei 4 regionane med særleg ansvar for å følgja opp prosessen med etablering av miljøleiing og miljøstyringssystem i sine respektive helseføretak. Dessutan har helseføretaka etablert lokale prosjektgrupper i arbeidet med å etablere miljøstyringssystem.

Miljø- og klimaoppdraget 2011 - 2014

Hovedmålsettinga i perioden 2011-2014 har vore å sørge for at det blir etablert miljøleiing og miljøstyringssystem som er sertifisert i alle helseføretaka. Men ISO 14001-standarden fastset ikkje miljømål eller standardar for miljøprestasjon. Dette skal kvart helseføretak sjølv gjera med utgangspunkt i eigen situasjon og konkret miljøstatus i verksemda. Slik sett er ikkje styringssystemet det endelege miljømålet, men eit verkemiddel. Dette er bakgrunnen for at det nasjonale samarbeidsprosjektet med tilhøyrande miljøsekretariat parallelt med å understøtta prosessen med sertifisering i HFa og RHFa, også har gjennomført eit omfattande arbeid med fleire delprosjekt samt tilrettelegging for felles kompetanseheving for heile sektoren på miljøområdet.

Samarbeidsprosjektet har vektlagt å legge til rette for felles arbeidsprosessar i helseføretaka for å nå hovedmålsettinga om etablering av miljøleiing og sertifisering innan utgangen av 2014. I prosjektperioden er det lagt stor vekt på opplæring og erfaringsutveksling på miljøområdet gjennom etablerte, felles møtearenaer i sektoren og gjennom felles temasamlingar for å tilføra helseføretaka nødvendig miljøkompetanse. Erfaringane som er gjort med eit fagsekretariat for det nasjonale samarbeidsprosjektet som planlegg og tilrettelegg for felles møtearenaer og felles kompetanseheving og som alle helseføretaka kan kontakte, viser at dette har vore eit heilt nødvendig og vellukka tiltak.

Utanom arbeidet med å understøtta prosessen med miljøsertifisering, har det blitt etablert delprosjekt med eigne arbeidsgrupper innan følgjande område: Innkjøp, transport, bygg og eigedom, legemidler, mat, avfall og opplæring. Bakgrunnen for iverksetting av delprosjekta er behovet for å auka kunnskapen om korleis spesialisthelsetenesta kan redusere sitt samla «miljøfotavtrykk» og stimulere helseføretaka til å gjennomføre tiltak på desse områda.

Når det gjeld det nærmare innhaldet i helseføretaka sitt arbeid i prosjektperioden 2011 – 2014 med å etablere miljøleiing etter den internasjonale miljøstandarden ISO 14001, så inneber dette at helseføretaka skal kartleggja sine aktivitetar, produkter og tenester med tanke på kva miljøpåverknad desse aktivitetane har, og setja seg mål og tilhøyrande tiltak for å redusere denne miljøpåverknaden.

For å vinna erfaring i prosessen med å etablere miljøleiing, har nokre utvalde helseføretak påtatt seg rolla som pilotar og starta prosessen på eit tidlegare stadium. I kvar region er det organisert regionale miljøfaggrupper der pilotane har hatt ei sentral rolle med å dela erfaringar og rettleia dei andre helseføretaka i prosessen med å etablere miljøstyringssystem.

Arbeidet vidare framover

Del 2 i vedlagde statusrapport omhandlar arbeidet vidare framover. Miljøarbeidet i spesialisthelsetenesta kan delast inn i 2 fasar:

- Oppbygging og innføring av miljøstyringssystem
- Bruk og vedlikehald av miljøstyringssystemet.

Den første fasen er naturleg nok meir krevjande i form av tid og ressursar enn fasen med bruk og vedlikehald av systemet. Det er likevel krevjande, men på ein annan måte, å halda systemet levande og samtidig utvikla dette i organisasjonen. Gjennom å følgje opp og vedlikehalda miljøstyringssystemet vil det vidare miljøarbeidet i større grad handla om å oppnå og dokumentera resultat av miljøforbetringsarbeidet.

Prosjektgruppa for samarbeidsprosjektet sette i 2013 ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å gi tilrådingar for det vidare arbeidet etter at sertifiseringsprosessen var avslutta ved utgangen av 2014. Arbeidsgruppa avleverte ein delrapport med navn «Veien vidare», som er lagt ved statusrapporten. Delrapporten nevner 9 sentrale satsingsområde som er vurderte som viktige føresetnader for å lukkast med miljøarbeidet vidare framover. Under kvart satsingsområde er det peika på tiltak som bør iverksetjast, eventuelt vidareførast. Desse 9 satsingsområda med tilhøyrande tiltak dannar grunnlag for å utarbeida ein handlingsplan for det vidare arbeidet. Satsingsområda i delrapporten er følgjande:

- Leiarforankring og leiarfokus
- Miljøresultat må bli etterspurt
- Informasjon og kommunikasjon
- Vidareføring av etablerte miljønettverk og årleg miljøkonferanse
- Vedlikehald av og fokus på miljøstyringssystemet
- Kompetanseutvikling innan miljøområdet
- Samordning av og samarbeid mellom fagmiljø i sektoren og mot eksterne fagmiljø
- Sterkare involvering av klinisk personell i miljøarbeidet
- Spesialisthelsetenesta som pådrivar for miljøvennlege og etiske innkjøp

I delrapporten er det også peika på behovet for å oppretta ei sentral ressurs- og kompetanseining for miljøatsinga i sektoren, som kan erstatta fagsekretariatet som prosjektgruppa i dag har til rådighet. Nå har styringsgruppa for det nasjonale samarbeidsprosjektet, etter at delrapporten er avlevert, beslutta at samarbeidsprosjektet med tilhøyrande fagsekretariat kan halda fram med same organisering ut 2016. Samarbeidsprosjektet har derfor meir tid på seg til å vurdere den framtidige organiseringa av felles ressurs- og kompetansebase for miljøarbeidet.

Kommentarar

Miljø- og klimasatsinga som del av samfunnsansvaret

Spesialisthelsetenesta er ein tung samfunnsaktør som må ta sin del av samfunnsansvaret på alvor. HOD har i sin styringsbodskap til RHFa bedt om at sektoren føretek ei heilskapeleg tilnærming til miljøutfordringane. Organiseringa av samarbeidsprosjektet og arbeidet som her er gjort viser at sektoren tek samla og samordna grep for å møte miljøutfordringane. Etablering av miljøleiing er eit tydeleg skritt i den retninga og inneber at miljøhensyn blir integrert som ein naturleg del av den overordna verksemdsstyringa i helseføretaka.

Dei nasjonale miljømålsettingane og folkehelseperspektivet

Regjeringa har samanfatta norsk miljøpolitikk i 11 miljømål. Desse miljømåla byggjer mellom anna på dei internasjonale miljøutfordringane. Sektoransvaret i norsk miljøpolitikk inneber at alle aktørar i samfunnet har eit sjølvstendig ansvar for å legge miljøhensyn til grunn for sine aktivitetar og medverke til at dei overordna måla i miljøpolitikken vert nådd. Det er fleire grunnar til at det er naturleg for helseføretaka å arbeida med miljøspørsmål samt område der sektoren kan medverka til ei bærekraftig utvikling.

Folkehelseperspektivet har stått som ein sentral premiss for arbeidet i samarbeidsprosjektet og den tette koplinga det bør vera mellom miljøatsing og helsefremjande arbeid. Miljødirektoratet har nyleg peika på at naturen er vårt største helsestudio og framheva verdien av at vi i størst mogleg grad skånar naturen mot negativ miljøpåverknad. Det er heilt naturleg at helsesektoren går føre i dette arbeidet.

Både menneske som spesialisthelsetenesta skal yta sine tenester til og dei mange medarbeidarane som er tilsette i sektoren, har i dag ei berettiga forventning om at verksemda vert driven på ein miljømessig og sosialt bærekraftig måte. Dette har positive konsekvensar for arbeidsmiljøet til den enkelte og fremjar god HMS-kultur. Dessutan bør det nevnt at både styrings- og kostnadmessig effektivitet kan vera tilleggseffekter ein oppnår ved integrering av miljøhensyn og effektiv ressursbruk i overordna verksemdstyring.

Samla arbeid langs fleire aksar

Arbeidet i samarbeidsprosjektet har sidan 2011 utvikla seg langs 3 parallelle aksar:

- Prosessen med innføring av miljøleing og etablering av miljøstyringssystem i helseføretaka
- Omfattande tiltak for å understøtta denne prosessen i form av felles kompetanseheving og drift av fora for erfaringsutveksling
- Gjennomføring av fleire delprosjekt med målsetting å styrkja miljøarbeidet på utvalde område innan spesialisthelsetenesta

På denne måten har prosjektet hatt eit perspektiv som går utover det å sørgja for at det vert etablert miljøstyringssystem i helseføretaka. Både tiltaka som er gjennomført innan kompetanseheving og erfaringsutveksling og delprosjekta innan utvalde miljøområde som er utfordrande for spesialisthelsetenesta, har medverka til at vi pr. i dag har ein sektor som er førebudd og rusta til å møte miljøutfordringane framover.

Organiseringa og forankringa av samarbeidsprosjektet

Samarbeidsprosjektet har dradd nytte av å vera samansett av representantar med tydeleg forankring i eigar- og styringslinja i dei regionale helseføretaka og med deltaking av sentralt tillitsvalde som har tilsvarande forankring og i sine respektive organisasjonar. Desse forholda har blitt ytterlegare forsterka ved at det nasjonale RHF/AD-møtet har fungert som styringsgruppe i heile prosjektperioden. På den måten har prosjektet kunna skaffa seg nødvendig leiaraksept ved naturlege milepælar i arbeidet. Det bør også nemnt som ein styrke for gjennomføringa av prosjektet at den overordna styringsbodskapen er gitt av HOD. På den måten har det ikkje vore grunnlag for å stilla spørsmål ved grunngevinga for og hensiktmessigheita ved arbeidet.

Samtidig bør det nevnt at sidan målsettingane for prosjektet nok ligg i ytterkantane av det som ein til dagleg forventar at spesialisthelsetenesta skal befatta seg med, og derfor lett kan bli utsett for spørsmål og kritikk m.h.t. ressursbruk, har det nok vore ein nødvendig suksessfaktor å sikra prosjektet med såpass tydeleg leiarforankring.

Utfordringane framover

Utfordringane framover blir å vedlikehalda og vidareutvikla miljøstyringssystemet og tilpassa dette inn mot dei øvrige styringssystema i organisasjonen og sørge for at miljøhensyn inngår som ein naturleg del av ordinær drift. Dette er ein dynamisk prosess som krev tid, solid leiarforankring og motiverte medarbeidarar. Det blir derfor viktig å sørge for at det på verksemdnivå alltid er dedikerte kompetansepersonar med rolle og ansvar innan miljøatsinga og med innsikt i og forståing for miljøatsinga sin plass i den totale organisasjonsutviklinga. Desse personane må knyttast opp mot leiar- og styringslinja på hensiktsmessig måte.

Prestasjonar og resultat på miljøområdet må bli etterspurt og målt på lik linje med andre område av drifta. Dokumentasjon og rapportering av miljøresultat må inngå som naturleg del av den samla verksemdstyringa.

Skal sektoren klara desse utfordringane på miljøområdet, er ein også framover i tid avhengig av ein nasjonal ressurs- og kompetansebase som fungerer som bindeledd mellom verksemdene og som kan understøtta behovet for felles kompetanseutvikling og tilretteleggja for felles arenaer for erfaringsutveksling.

Vedlegg

1. «MILJØLEDELSE I SPESIALISTHELSETJENESTEN - STATUSRAPPORT 2011 – 2014»
2. «VEIEN VIDERE -Utredning av sentrale innsatsområder og behovet for faglige støttefunksjoner i det videre arbeidet med miljø- og klimamålene i spesialisthelsetjenesten»